



ARBEIDSVEKA I 9. KLASSE

I samband med faget utdanningsval, vil alle elevane i 9. klasse få høve til å prøve ut eit yrke i 4 arbeidsdagar. Val av yrke i arbeidsveka, skal i den grad det er mogeleg, samsvare med dei utdanningsprogram ein vel å hospitere på i vidaregåande skule. For å få dette til, må arbeidsveka gå over to veker. Den veka elevane ikkje er ute i arbeidsveka, er det sjølv sagt vanleg skule.

- Veke 16 – Pulje 1 - frå tysdag 18. april til og med fredag 21. april.
- Veke 17 – Pulje 2 - frå måndag 24.. april til og med torsdag 27. april.

Arbeid i Eid kommune.

Rådgjevar har ansvar for å skaffe arbeidsplassar i Eid kommune. På grunna av stor pågang på enkelte bedrifter, får ikkje elevar eller føresette gjere avtale direkte med bedriftene / arbeidsplassane. Ut frå dei vala elevane gjer (sjå baksida av arket), vil rådgjevar så langt det er mogleg skaffe arbeidsplassar slik at flest mogleg får arbeidspraksis i dei yrka som er prioritert høgast.

NB – Det er vanskeleg å skaffe arbeidsplass i yrker med stor grad av teieplikt.

Arbeid utanfor Eid kommune.

Dersom ein ynskjer å prøve ut eit yrke utanfor Eid kommune, må ein sjølv skaffe arbeidsplass. Føresette må dekke kostnader og ta på seg ansvaret for deg den tida du er borte. (Er dette aktuelt, må du fylle ut eit anna skjema). Dersom det ikkje let seg gjere å hospitere utanfor Eid kommune i v. 16 eller v.17, kan ein leggje arbeidspraksisen til ei anna veke mot at ein er på skulen når andre elevar har yrkespraksis. Det vil vere elevar på skulen både i v. 16 og v. 17. Dersom ein eventuelt legg arbeidsveka til påskeferien, vil ein etter avtale med kontaktlærer, få fri fire skuledagar når dei andre elevane har arbeidsveke.

Arbeidsveka og hospitering på vidaregåande skule.

Val av yrke til arbeidsveka, skal/bør samsvare med dei val ein gjer seinare med tanke på utdanningsval. Elevane skal blant anna ha 2 dagar med hospitering på eit utdanningsprogram på vidaregåande skule i mars. Til hausten i 10. klasse skal dei også hospitere to nye dagar på eit anna utdanningsprogram på vidaregåande skule.

Arbeidsveka og plan framover.

Planen er at elevane skal få vite kva yrke og arbeidsplass dei er tildelt når skulen startar etter jul. I norskfaget skal dei då jobbe med CV og jobbsøknad til denne arbeidsplassen. Dette arbeidet vil då bli meir relevant, når ein skal bruke det seinare i møte med arbeidsplassen i arbeidsveka.


Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Mvh

Sveinung Alværn
-Rådgjevar-
e-post: sveinung.alvern@eid.kommune.no
tlf. 57863753 / 97030886



Sjå baksida av arket →



Arbeidsveka – val.

Namn:

Klasse:

Kva utdanningsprogram trur du at du kjem til å velje til hospiteringa på vidaregåande skule no i mars og på hausten i 10. klasse. Set to kryss.

(Du vil få meir informasjon om dette i januar før du gjer eit endeleg val til hospiteringa i mars).

Studieførebuande utdanningsprogram	Yrkesfagleg utdanningsprogram
<input type="checkbox"/> Studiespesialisering	<input type="checkbox"/> Bygg og anleggsteknikk
<input type="checkbox"/> Idrettsfag	<input type="checkbox"/> Design og handverk
<input type="checkbox"/> Musikk, dans og drama	<input type="checkbox"/> Elektrofag
<input type="checkbox"/> Medium og kommunikasjon	<input type="checkbox"/> Helse og oppvekstfag
<input type="checkbox"/> Kunst, design og arkitektur	<input type="checkbox"/> Naturbruk
	<input type="checkbox"/> Restaurant og matfag
	<input type="checkbox"/> Service og samferdsel
	<input type="checkbox"/> Teknikk og industriell produksjon

Du finn meir informasjon om desse ulike alternativa på vilbli.no og på utdanning.no

Interesseområder / fritidsinteresser:

Yrke som du har interesse av å prøve ut i arbeidsveka (i prioritert rekkjefølgje):

1.
2.
3.

Døme:

1. Tømrar
2. Anleggsarbeidar
3. Bilmekanikar

Eg vil sjølv skaffe arbeidspraksis utanfor Eid kommune.

Yrke: _____

Bedrift: _____ Stad: _____

Eleven må fylle ut eige skjema som ligg på eus.no under rådgjevar
(Dette ordnar vi i feb./mars).

Eventuelt andre beskjedar til skulen i samband med arbeidsveka:

.....
.....

Leveringsfrist **25.november 2016**

.....
Underskrift elev

.....
Underskrift føresette

